

# Kulturprisvinnar

1995

## Reidun Ulstein

Reidun Ulstein  
f.28.05.1927 d.21.08.1993

Ho var fødd i Brattvåg, dotter til Stina og Johan Bjørlykkhaug. Etter realskulen i 1946 reiste ho til Ålesund for å byrja på Rikstelefonen. Etter eit år reiste ho til Oslo og arbeidde i Telegrafverket. Der tok ho også artium. I Oslo traff ho Hallvard Ustein som ho vart gift med. Dei flytte til frå Oslo til Åndalsnes i 1958 og deretter til Herøy. Dei flytte til Brattvåg i 1964 der dei vart busett



Ved ei enkel tilstelling på eit møte i Brattvåg Rotary, tildelte Rotary Kulturprisen for 1995 til Reidun Ulstein for å heidre minne hennar med takk for den store innsatsen ho gjorde for bygda dei åra ho levde.

Ho var primus motor i mykje av kulturarbeidet i Brattvåg, spesielt for å gjere bygda vakrare. Den siste store oppgåva ho var med på, var å få istand Brattvåg Bygdepark.

Men den store draumen hennar var å få opp i parken ei statue av husmora som knytte kjensle, i parken. Denne rakk ho ikkje å realisere før ho gjekk bort.

Brattvåg Rotary delte ut prisen til Reidun Ulstein post mortem. Familien ynskjer å vere med på å realisere Reidun sin siste draum, ved å gi pengane til reising av "Kjensle-statua".

